



Vab Arkitekter As  
Masengveien 1  
1814 ASKIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1816 - 22/55058

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
06.07.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 309/37 Hjertås**

Tiltak: Rammeløyve oppføring av garasje  
Byggjestad: Gbnr: 309/37  
Tiltakshavar: Henrik William Gundersen  
Ansvarleg søkjar: Aplan Andersen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.05.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ved ny søknad syner situasjonsplanen at tiltaket er flytta lengre inn på eigendommen. Det er dermed ikkje naudsynt å dispensere grunna avstand til nabogrense, men tiltaket må nabovarslas på nytt ettersom det er endra på.
2. Teikningar må syne OK kote golv, og kotehøgde på tak/ møne.
3. Teikningar må syne nytt og opphavelig terreng, samt tilstøytane terreng på naboeigedom.
4. Teikningar må syne avstand til nabogrense.
5. Administrasjonen gjer merksam på at fylling eller planering av terreng, med *meir* enn 1,5 meter avvik ift. opphavelig terreng, krev avstand til nabogrense på minimum 4 meter jf. Byggesaksforskrifta (SAK 10) Kapittel 4 § 4-1. bokstav f. punkt nr. 7. Slik søknaden no føreligg, er det naudsynt å søkja dispensasjon grunna høgde på to meter, og mindre enn 4 meter avstand til nabogrense. Tiltakshavar kan gjere justeringar visst mogleg, dersom det er ynskjeleg å unngå krav som nemnd.

6. Administrasjonen gjer også merksam på at tiltaket krev søknad om *utvida* avkøyrsløve. Rammeløyve kan gis utan at søknad om avkøyrsløve er handsama, men vert då sett som vilkår i et eventuelt løyve.
7. Administrasjonen ber vidare om at det vert gjort greie for korleis VA situasjonen på eigendommen er tenkt. Tiltaket krev ved IG (igangsetting) dokumentert godkjent utsleppsløyve til to einingar, samt ei stadfesting frå anleggsleiar om at det er ledig kapasitet på anlegget. Røyrleggjarmelding må også vere sendt kommunen.

Administrasjonen oppmodar til at teikningar er revidert, og at det som elles gjeld søknaden er tatt omsyn til før tiltaket blir nabovarsla på nytt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.08.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Tiltakshavar kan søkje om ansvarsrett for oppføring av tiltaket (sjølvbygger).

Her finn De skjema som kan nyttast:

[Søknadsskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](#)

## GENERELL INFORMASJON

### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Henrik William Gundersen

Mongsedalen 62

5918

FREKHAUG

### Mottakarar:

Vab Arkitekter As

Masengveien 1

1814

ASKIM